



Årsplan for Enge barnehage

Barnehageåret 2026 - 2027



GRENSER + FORVENTNIGER = GOD OPPVEKST

Rammene for å driva barnehage

Alle barnehagar i Noreg har to styringsdokument som dei skal arbeida etter.

Det er «Lov om barnehagar» av 17. juni 2005 og «Rammeplan for barnehage» av 24. april 2017

Lova og rammeplanen gir forpliktande mål og rammer.

Barnehagelova og [Rammeplan\(udir.no\)](http://udir.no)

Etter forvaltningslova § 13 har barnehagen teieplikt. Teieplikta gjeld og etter at tilsette har avslutta sitt arbeid i Etne kommune.

Alle barnehager skal etter lova utarbeida ein årsplanen. Innhaldet i årsplane byggjer på rammeplanen.

Enge barnehage ynskjer å legge til rette for tryggleik, mangfald og vennskap! Me skal sjå det unike i kvart enkelt barn og vaksne i vår barnehage!

Oppvekstsektoren i Etne kommune satse på å auka kompetansen til dei vaksne som samhandlar med barn og unge i kommunen. Gjennom å arbeida med grenser og forventningar på alle plan har me tru til at våre barn skal få vakse opp i trygge rammer. Denne satsinga heng godt saman med «Være Saman» prinsippet som dei kommunale barnehagane jobbar etter. «Være Saman» har fokus på å bygga gode ralsjonar, både til born og vasknse. Det autoritative perspektive står sentralt i vårt arbeid – Tydelege rammer + god relasjon.

Verdiane til Etne kommune trygg, raus og engasjert skal gjenspeile jobben me gjere i barnehagen. At me er ein Løvebarnehage og har «Være Saman» som vår pedagogiske plattform samsvarer godt med Etne kommune sine verdiar.

Me velgje å sjå verdiane i samanheng med tre av de viktige faktorane i «Være Saman»

- Den autoritative vaksenrolla
 - Relasjonsbygging
 - Organisasjonsbygging
- Trygg
Raus
Engasjert




Hovudmål for oppvekst og kultur

Skapa og oppretthalda livsglede og lærelyst som varer heile livet



Grenser og forventningar = God barndom



Tilknyting og relasjonsbygging

Rammeplanen seier at personalet skal sørgje for at overgangar innad i barnehagen blitrygge og gode ved å gi barn og foreldre til til å bli kjende med nye miljø, barn og vaksne. Overgangar skal vere planlagde og tilpassa det enkelte barn, slikt ein sikra tryggleik, tilhøyrse og kontinuitet.

Tilvenning

«Barnehagen skal aktivt leggja til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barn og personalet og mellom barna, som grunnlag for trivsel, glede og meistring»(Rammeplan 2017)

Når barna startar i Enge barnehage vil me i tett samarbeid med føresette leggja til rette for ein trygg og god start. Me ønsker å nytta føresette sin kunnskap om barnet, for at barnet skal bli møtt med sine behov og interesser. Me inviterer til Foreldremøte, oppstartsamtale før barnehagestart for at me skal vera best mogleg førebudde, og få utveksla viktig informasjon.

For at barnet skal trivast og utvikla seg i barnehagen er det ein forutsetning at relasjonane barnet inngår i er prega av trygg tilknyting. Relasjonar gjer at me føler oss sett, skapar fellesskap og at ein kjenne at barnehagen er ein stad ein høyrer til. Frå me er små søker me å høyra til hjå dei som ser våre psykologiske behov, som trøystar oss når me gret, som høyrer på oss når me er sinte, som tilbyr eit fang der ein kan vera trygg. Alle me i Enge barnehagen skal vera slike vaksne for barna. Ein base som barna kan returnera til for å oppleve tryggleik, få trøyst og nærleik.

For å skapa tryggleik for barna i oppstarten nytta me primærkontakt i starten.

Primærkontakten har i den fyrste tida spesielt ansvar for å bli kjent med barnet og føresette, før det byggast relasjonar og ein trygg tilknyting til resten av personalet.

Overgangar i barnehagen.

I Enge barnehage har me som mål å skapa gode og trygge overgangar for borna. Overganger i barnehagen (til dømes frå heim til barnehage, mellom aktivitetar, eller frå ei avdeling til ei anna) er sårbare situasjonar for barn. Derfor er det viktig å arbeida bevisst med overganger.

Tryggleik og relasjon:

- Sørga for at barnet får tid til å bli kjent med dei vaksne og avdelinga.
- God informasjon til føresette
- Besøk og samarbeid på tvers av avdelingane.

Forutsigbarheit:

- Faste rutinar for overgangar
- Tydelege beskjedar
- Visuell støtte: Bruk av dagstavle der borna kan sjå korleis dagen blir.
- Førebuing: gje borna tid og informasjon om kva som skal skje.

Tilpass etter barnets behov:

- Ta omsyn til alder og utvikling
- Observasjon: Følg med korleis barnet reagera på overgangar og juster praksis om nødvendig.

Tilknytning og relasjonsbygging

Rammeplanen seier at barnehagen, i samarbeid med heim og skule, skal legge til rette for ein trygg og god overgang til skulen

Overgangar fortsett

Overgang barnehage skule.

Barna skal få bli kjende med skulen, oppleve samanheng og få med seg erfaringar g feridgheiter som gir eit godt grunnlag for skulestart. Overgangen skkla vere positiv og prega av tryggleik og motivason og tru på egne evner.

Barnehagane og skulane i Etne kommune har samarbeid om overgang frå barnehage til skule. Det er utarbeida ein eigen kommunal plan. **Sjå eigen plan**

Slik jobber Enge barnehage med overgang barnehage - skule:

- Samarbeid mellom barnehage, skule og heim
 - o For å sikra ein trygg overgang
 - o Dialog og samarbeid før skulestart
- Utveksling av informasjon
 - o Barnehage og skule deler relevant kunnskap/informasjon
- Skapa glede og forventning
 - o Barna skal få gleda seg til å begynna på skulen
 - o Gi eit godt grunnlag for skulen
 - o Oppleve samanheng mellom barnehage og skule
 - o Overgangen skal vera positiv
- Bli kjendt med skulen
 - o Vite kva som skjer på skulen og SFO
 - o Besøk og bli kjendt på førehand



Viktige tema som me jobbar med

Rammeplanen seier at leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og at leiken sin eigenverdi skal anerkjennast. Leiken er viktig for barns utvikling, læring og sosialt samspel. Personalet har ansvar for å leggje til rette for leik, støtte barna og sikre at alle får delta i eit inkluderande leikemiljø

Leik

Leiken er borna sin måte å uttrykkje seg på. Gjennom leiken kan barna bearbeida ting, læra språk, øva på ulike dugleikar, auka det medmenneskeleg og læra samarbeid. Den barnestyrt leiken har ei sentral rolle i barnehagen vår.

Me legg til rette for ulike former for leik kvar dag. Leiken er viktig i danninga og sentral i læringsprosessen. Me ynskjer å vera nærverande og deltakande i leiken, koma med idear og støtta borna i relasjonane til kvarandre.

- Leiken er ikkje "pause" - den er kjernen i kvardagen
- Gjennom leik lærer barn å samarbeide, uttrykkje seg og forstå andre
- Leiken skal vere lystbetont og meningsfull
- Ingen skal stå utanfor
- Dei vaksne skal vere aktive, men på barnas premissar
- Leiken er ein del av heilskapen i barnehagen

Personalet i Enge barnehage si rolle i leiken:

- Leggje til rette for leik (rom, tid, materiell)
- Delta, støtte og vere tilgjengeleg
- Observere og rettleie ved behov.



Trygt og Godt barnehagemiljø/ inkluderende praksis

Barnehagelova (§§ 41 – 43) slår fast at alle barn har rett til eit trygt og godt barnehagemiljø utan krenkingar. Barnehagen har aktivitetsplikt, som inneber å følgje med, gripe inn, varsle, undersøkje og setje i verk tiltak dersom eit barn ikkje har det bra. Desom ein tilsett krenkjer eit barn, gjeld skjerpa aktivitetsplikt.

- Barnehagen skal jobba aktivt for å førebygge
- Dersom noko skjer, har dei tilsette plikt til å handle med ein gong.
- Barnehagen skal ha nulltoleranse mot mobbing
- Barnehagen har aktivitetsplikt
- Plikt til å lage plan
- Rammeplanen omtaler ikkje §§ 41 – 43 direkte, men byggjer på dei same prinsippa om tryggleik og inkludering. Rammeplanen gir føringar for korleis barnehagen skal arbeide med omsorg, relasjonar, fellesskap og førebygging av krenkingar, og fungerer dermed som eit praktisk verktøy for å oppfylle krava i barnehagelova om eit trygt og godt barnehagemiljø.



Alle barn i Enge barnehage skal oppleve eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø

• Inkluderande praksis

- Rammeplanen seier at barnehagen skal vere eit inkluderende fellesskap der alle barn opplever tilhøyrse og deltaing. Personalet har ansvar for å møte barna med respekt, ta omsyn til mangfald og tilretteleggje slik at alle barn får delta i leik og aktivitetar. Inkluderande praksis handlar om likeverd og aktiv deltaking for alle. Å høyra til sosialt er ei viktig ramme for læring og utvikling. Det er viktig at barnehagen leggje til rette for aktivitetar som gir kvar enkelt oppleving at ein høyrer til og sosial fellesskapar.
- Alle barn skal høyre til
- Likeverd og respekt for mangfald
- Tilrettelegging for alle barn
- Fremje vennskap og fellesskap
- Vi vil bidra til eit inkluderande miljø i barnehagen gjennom arbeid i smågrupper og vere tilgjengelege vaksne.




Kommunikasjon og Språk

Rammeplanen seier at barnehagen skal fremje språk og kommunikasjon gjennom heile kvardagen. Barna skal få god stimulering, bruke språk til å uttrykke seg og delta i lek og samspel. Personalet skal vere gode språklege rollemoddellar, og barnehagen skal leggja til rette for eit rikt og inkluderande språkmiljø

- Språkutvikling vil alltid vera ei satsing i vår barnehage, uansett kva aktivitetar me har, så er språk ein sentral del av aktiviteten.
- Viktig for oss at me har god kvalitet på språkarbeidet
- Sikra eit likeverdig tilbod til alle borna i barnehagen vår

Korleis

- Nyttå suplerande kommunikasjon (TTT) på småbarnsavdelingane
- Nyttå Bablarane som eit verktøy for tidleg språkutvikling
- Me ynsker at barna skal få møte både kjente og nye songar
- Me nyttå TRAS som verktøy for å sikra borna eit godt språkmiljø
- Me les for barna kvar dag, enten ein til ein, eller fleire saman for eksempel under måltid.
- I tillegg jobbar me med rim og regler, bevegelse etter musikk og fortel eventyr som ein viktig del av språkutvikling og kulturformidling
- Legg vekt på samtalen rundt bordet
- Nyttå dagstavle for å skapa oversikt for borna
- Leik enten det er eigen injisert eller vaksen styrt er ein viktig arena for språkutvikling.



Kommunikasjon og språk

Viktige faktorer for å fremja godt språk:


- Språk og kommunikasjon er grunnleggjande
 - o Språk heng saman med leik, relasjonar, læring og tenkning
- Alle barn skal få språkstimulering
 - o Språk utviklar seg i samspel med andre, ikkje berre i organiserte aktivitetar
- Språk som grunnlag for samspel
 - o Språk er eit viktig sosialt verktøy
- Barna skal få uttrykke seg
 - o Verbalt språk, kroppsspråk og andre uttrykk
 - o Språkleg mangfald
- Variert språkmiljø
 - o Leike med språk, lyd og ord



Hoppe, hoppe - høgt og ned,
Klappe hender - ver med!
Snurre rundt og stopp litt no,
Alle saman – ein to, tre!

Fokus på leseglede

- Å bli lest for fremjar språkutvikling i tillegg skaper det nærleik mellom sei vaksne og borna.
- Lesing gir eit godt leikemiljø
- Lesing er viktig i høve til å utvikle omgrep.
- Born lærar ord ved å høyrer ord



Korleis


- Faste lesestunder
- Tilgang på bøker
- Samarbeid med biblioteket – bokposer – og lesestund på biblioteket.
- Involvere borna aktivt i høgtlesinga
- Nyttå digitale verktøy
- Lage spennande leseprosjekt - t. d. leik ei bok



Dette kjennetegner en god lesestund



1. **La barna delta og se barnas kroppslige uttrykk.** De yngste uttrykker seg gjennom kropp, ansikt og gester. Ansiktet viser om de følger med, om de vil videre eller er opptatt av et bilde. Vær våken og responder på barnas uttrykk.



3. **Ta med barnas assosiasjoner.** Lytt til barna og ikke avvist det barna sier, selv om du ikke forstår sammenhengen. Leser du boka Trekant og et barn sier Kaptein Sabeltann, kan det være fordi trekanten minner om hatten hans. Et annet barn sier ku, fordi trekanten kan minne om ansiktet til ei ku. Da kan du si: «Synes du det ligner på ei ku?»



2. **Skap felles oppmerksomhet mot det du leser.**
Fremhev noe i teksten: Se, hva han gjør? Neimen, søla han med koppen? Still spørsmål som forsterker teksten: Hvor har hunden gjemt seg? Skap sammenheng mellom det barnet gjør og boka: Ramlet du nå, det gjorde han også?



4. **Vær bevisst på hva du leser.** Det finnes flere komplekse bøker for de minste som gir barna andre erfaringer med litteratur enn pekebøker. Tilby de minste barna varierte bøker med mulighet for identifikasjon. På en regnværsdag kan dere lese Regnværsdagen av Max Esters – en ordløs bok om vannets kretsløp. Det kan du koble til at barn liker å hoppe i sølepytter og at det regner ute.



5. **Knytt bøkene og leken sammen.** Ha en bok i en skoeske sammen med gjenstander knyttet til det du leser. La barna ta av lokket. Inni er boka Trekant, noen firkantede gulvfliser, trekanter av kartong og piperensere som ser ut som slanger. Barn kan gå fra boka og esken og leke med gjenstandene. De kommer tilbake for å høre mer og du responderer på det barna leker og lar dem styre utgangen av historien.

Prosjekt periodar dette barnehageåret

Felles for prosjektperiodane

Me har valt og dela barnehageåret opp etter temamål. Det er fem slike periodar: ein periode frå august til september, neste frå oktober til november, så er det ein for desember, ein frå januar til februar og mars og april, og til slutt mai og juni.


I alle periodane nyttar me uteliv og borna og medverknad som metode for å styrkja samhaldet og fellesskapet i barnehagen. Me ønskjer å nytta naturen som me har i nærmiljøet vårt. Me trur at felles opplevingar ute, enten i skog eller ved sjøen vil gje oppleving av å høyra til. Borna skal ha innflytelse på, og vera aktiv deltakande i kvardagen.

Skapa tryggleik (august og september)

I starten av barnehageåret er det tilvenning, gruppefellesskap som er hovudfokus vårt. Me ønskjer at barna skal bli godt kjent med barnehagen, dei tilsette og barnegruppa. Det er viktig for oss at barn, og føresette blir trygge og får ein god start på året. Dette kan me oppnå ved å jobba med å skapa ein trygg tilknyting og gode relasjonar.

Meistring og glede (oktober og november)

Det er haust og me vil ha fokus kva som skjer i naturen. Me vil vera opptatt av aktivitetar som kan utfordre oss til å prøva noko nytt. Nokon kan for eksempel springa fort, nokon andre kan klatra høgt og nokon er god på balanse. Me kan støtta og oppmuntre kvarandre til å prøva ut nye ting, det kan og vera litt skummelt.



Arbeidet med grenser og forventningar vil gå igjen i alle prosjekt periodane.

Prosjekt periodar dette barnehageåret

Nestekjærleik (desember)

I desember er førjulstida sentral. Me har fokus på å roa ned tempoet, vera hjelpsam, visa godheit, dela med kvarandre og kjenna gleda ved å gleda andre. Me vil i denne perioden vera opptatt av song og musikk som stemningsskapande, me syng julesongar for å skapa glede for oss sjølve og andre

Gruppetilhørigheit og vennskap (januar, februar)

Me ynskje at borna skal oppleve at deira initiativ og innspel blir høyrte, og oppleve at dei er verdifulle medlemmer av gruppa.

Det er viktig at me støttar, lyttar til og tar omsyn til kvarandre.

I denne perioden vil me vera opptatt av relasjonar og vennskap.

Undring og nytt liv (mars og april)

Det er vår og me vil ha fokus på nytt liv. Me vil saman med borna undra oss over det som skjer i naturen om våren.

I denne perioden ønskje me at borna skal oppleve glede og meistring i naturen, og utforska den saman. Me lyttar etter lydar i naturen, utforska nytt liv, og sår planter. Me vil knyta nytt liv til påsken, og korleis me markera påskehøgtida i barnehagen.

Oppleving og skaparglede, medverknad (Mai og juni)

I denne perioden står 17. mai og forsumar sentralt i barnehagen.

I denne perioden skal borna få kjennskap til 17. mai. Tradisjonar, song og formingsaktivitetar som er knytt til nasjonaldagen, det blir 17. mai tog og leikar som høyre til på 17. mai.

Me ynskjer å skapa gode opplevingar ute. Der me legg til rette for kreativ skaparglede både ute inne.



Kan du løveloven?

Eg skal vara meg,
men gje plass til andre, slik at dei blir seg,
bry meg om ein anna, hjelpe når eg kan.
Slik blir livet betre for barn i alle land!



Etne, ein trafikksikker kommune!

Det er viktig for Etne kommune at alle barn, unge og voksne ferdast trygt i trafikken. Ha ei god framferd i trafikken og ha omsut for andre som er ute i same ærend.

Trafikk i barnehagen er eit spennande tema som passar inn i kvardagen. Borna opplever trafikk når dei er ute på tur, kvar gong dei drar til og frå barnehagen, dei erfara trafikk gjennom lek og observasjon av kva dei voksne gjer.

Borna er impulsive. Dei har lett å gløyma at dei er ferd med å krysse vegen viss dei oppdagar noko spennande. Før 7. årsalderen er borna si tenking konkret og bunde til det som skjer her og nå. Dei er opptatt av situasjonen i augneblinken.

Dette gjer me:

- Refleksvestar når me ferdast i trafikken
- Tema på foreldremøte
- Sjå oss til alle kantar før me kryssar vegen
- Trafikkskilt og trafikklys i sykkelbanen
- Nyttar materiale frå Trygg trafikk
- [Tips og råd på e-post - Trygg Trafikk](#)





August



Temamål: Skapa tryggleik

Rammeplanen for barnehagen legg stor vekt på tryggleik som ein grunnleggjande føresetnad for barns trivsel, utvikling og læring.

Me jobbar med å gje borna oversikt og tryggleik

Me har fokus på å bli kjent med kvarandre og barnehagen.

- Bornar skal få ein god start på barnehageåret.

Korleis

- Me innarbeida gode og tydelege rutinar og rammer for alle
- Me har samlingsstund og syng namnesongar
- Me gjer born faste plassar ved måltidet
- Me nyttar dagstavle med bilete for å gje borna oversikt over dagen sin med bilestøtte.

Identitet og sjølvkjensle

- Me ønskje at borna skal oppleve tryggleik og at dei høyrer til i barnehagen.

Korleis

- Me skapar felles opplevingar gjennom bruk av song og rørsle.

Kjensle

- Me ønskje at borna skal få gode og trygge relasjonar til dei vaksne

Korleis

- Me ser og bekrefta barnet
- Me gir omsorg og nærleik
- Varme grensesettande vaksne

Sosial kompetanse

Fokus for august, september og oktober er: Tryggleik, relasjonar og tilhøyr

"Bli kjent og høyra til"

Korleis

- Me seier «God morgon» når me kjem og «Ha det» når me går
- Me har felles samlingsstund
- Me et lunsj saman
- Me leiker saman
- Me har felles songleikar/ rørslesongar



September



Temamål: Skapa tryggleik

Rammeplanen for barnehagen legg stor vekt på tryggleik som heilt grunnleggande behov for barn. Tryggleik er knytt til både omsorg, relasjonar og læring

Hovudmål for månaden

- Skape trygg start og gode relasjonar (tilknytning)
- Etablere faste rutinar og forutsigbar kvardag
- Bruke song og felles opplevingar for å styrke fellesskap og språk.

Korleis

- Me har samlingsstund og syng namnesongar
- Me har fokus på rutinar og gjentaking
- Me har lesestund
- Syng rørsle-songar
- Me utforskar nærmiljøet rundt barnehagen.

Identitet og sjølvkjensle

- Barn utviklar sjølvkjensle gjennom korleis dei blir møtt av vaksne.

Korleis

- Vere varme, nærverande og tilgjengelege vaksne
- Trøyste, støtte og anerkjenne barnet sine opplevingar
- Gi positiv merksemd

Kjensle

Me ønskjer at borna skal oppleve glede av å vera saman med andre born

Korleis

- Me hjelper borna å setja ord på det som skjer
- Me har fokus på å skapa felles opplevingar og aktivitetar
- Me har fokus på å gje og ta tur
- Skape inkluderande leikegrupper/ språkgrupper

Sosial kompetanse

Fokus for august, september og oktober er: Tryggleik, relasjonar og tilhøyrse

September "Vere ein god ven"

Korleis

- Me har fokus på å skapa gode opplevingar som kan vera til inspirasjon til leik
- Me har fokus på korleis me skal vera mot kvarandre
- Hjelp / støtte borna i leik
- Bruke samlingstund til å styrke fellesskap
- Me øver på å svara når nokon snakkar til oss
- Sosiale ferdigheiter (vente på tur, dele, vise omsorg)

Boktips:

"Snill" - om å ta plass

"Lille Kanin – enkle historier om relasjonar og samspel



Oktober



Temamål: Meistring og glede

Rammeplanen seier at barnehagen skal bidra til at barna : oppleve meistring og framgang, utviklartru på eigne evner og får eit positivt forhold til seg sjølve.

Hovudmål for månaden

- Barna skal oppleve meistring i kvardagen
- Barna skal kjenne glede gjennom lek, aktivitet og fellesskap
- Styrke sjølvkjensle og tru på eigne evner

Korleis

- Me utforskar små og store ting i kvardagen
- Me lærer songar og rim om haust
- Me snakkar om kva som kan gjera andre glade

Identitet og sjølvkjensle

" Eg får det til" - meistring i kvardagen

Fokus: Sjølvstende og tru på eigne evner

Korleis

- Me inkluderer borna i praktiske oppgåver (dekke bord, hente ting)
- Me set ord på borna si evne til å hjelpe.
- Hinderløype (tilpassa alder)

Kjensler

"Oppleve og utforske " - meistring ute

- Felles leikar (ringdans, enkle regelleikar)

Korleis

- Me legg til rette for gode ute-opplevingar med utgangspunkt i borna sine føresetnadar og interesser, og nyttar naturens mangfald
- Utforske hausten (blad, søle og regn)

Sosial kompetanse "Kjensle"

" Me får det til saman" samarbeid og vennskap

Korleis

- Kjenne att og setja ord på kjensler
- Bruka bøker, bilete og lek
- Snakka om kva me gjer når nokon er lei seg
- Enkle samarbeidsleikar

Boktips:

"Bestevenner" - Camilla Reid
Om kva det betyr å vera ein god ven.

"Når alle sover" - Nicolai Houm
For samtale om ro og tryggleik



November



Temamål: Livsmestring

Rammeplanen: Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med egne og andre sine kjensler.

Barnehaugen skal vere ein plass der barna:

- Kjenner glede og livslyst
- Opplever trivsel i kvardagen – får gode oppleveingar saman med andre.
- Rammeplanen legg vekt på at lek, humor og positive opplevingar er viktig

Korleis

- Me går på tur
- Me finn naturmateriale som me nyttar til utgangspunkt for lek og samtale
- Me har samling om kropp og følelsar

Identitet og sjølvkjensle

Me ønskje at borna skal kjenna på egne grenser og meistring

Korleis

- Me snakkar om kva dei vågar og kvifor noko er skummelt
- Me snakkar om det borna allereie gjer og kan

Kjensler

Livsmestring handlar også om å tørre å prøve, å handtere frustrasjon og å ikkje gi opp.

Korleis

- Me støttar barnet i å handtere kjensle
- Me gjer borna oversikta dei treng for å ta eit val
- Gi erfaringar med å meistre kvardagen
- Hjelpe barna til å takle medgang og motgang

Sosial kompetanse

Fokus for november – januar er empati, omsorg og sjølvregulering

"Omsorg og empati"

Korleis

- Sjå andre sine behov
- Trøysta og hjelpa kvarandre
- Øver på å ta egne val, og setja grenser for seg sjølv

Boktips:

"Kaninen som gjerne ville sove"
"Albert Åberg" - bøkene
Mange gode situasjonar med
kjensle og relasjonar



Desember

«Omtanke for andre»



Rammeplan for barnehage løftar fram omtanke for andre som ein sentral del av barnehagen sitt verdigrunnlag, særleg knytt til omsorg, empati, respekt og fellesskap.

"Eg bryr meg" empati og kjensler

Fokus: Forstå egne og andre sine kjensler

Korleis

- Me syng julesongar og lyttar til julemusikk
- Me snakkar om kva det betyr å vera venner
- Lese enkle bøker om vennskap og omsorg
- Rolleleik med fokus på å hjelpe og trøyste
- Lage julegåver, snakke om kvifor me gir
- Lage julekort til nokon me bryr oss om

Identitet og sjølvkjensle

Me ynskje at borna skal sjå seg sjølve som eit verdifullt medlem av fellesskapet.

Korleis

- Me set ord på borna sine gode handlingar mot kvarandre
- Me har fokus på å skapa felles opplevingar kor alle borna oppleve å vera inkludert.

Kjensler

- Me ønskjer at borna skal oppleve førjulstida som ein stemningsfull og koseleg tid
- Samtale om kjensler: glad, lei seg og sint

Korleis

- Me legg til rette for fine augneblikk i samling med song, lys og høgtlesing
- Me har fokus på gleda av å vera saman
- Me set ord på og bekreftar barnas intensjonar, handlingar og følelsar

Sosialkompetanse - "Fellesskap og glede"

Korleis

- Elles aktivitetar (tradisjonar og samlingar)
- Me øver på å sei «Takk» i ulike situasjonar
- Øve på å dele og vente på tur
- Fokus på å dela og samarbeida

Boktips:
"Pulverheksa feirer jul" - om
fellesskap og inkludering



Januar



Temamål: Være saman

Rammeplanen understrekar er viktig for trivsel og utvikling. Gjennom å fremja vennskap og fellesskap, bidrar barnehagen til at barna får positive relasjonar

Løvelova: eg skal vera meg, men gi plass til andre slik at dei blir seg

Me har fokus på mangfald og fellesskap gjennom fellesopplevingar med song, rim og regler og eventyr

Korleis

- Me har samtaler om vennskap og mangfald
- Me har songsamlingar der me syng vintersongar
- Me har fokus på rim og regler
- Me har samling om kropp og følelsar

Identitet og sjølvkjensle

- Me ønskjer at borna skal oppleve å vera eit verdifullt medlem av gruppa

Korleis

- Me syng namnesong i samlingsstund
- Me framhevar borna sine initiativ og innspel

Kjensler

Me ønskjer at borna skal oppleve å bli tatt imot på ein god måte

Korleis

- Me bekreftar med ord og kroppsspråk at me ser og høyrer det enkelte born.
- Me set ord på kjenslene borna uttrykker i møte med kvarandre.
- Me lyttar til borna

Sosial Kompetans "Sjølvregrulering"

Korleis

- Me støttar borna i å lytte til andre sine initiativ
- Me hjelper borna i forhandling
- Me øver på å venta på tur når andre snakkar
- Vente på tur

Boktips:

"Pappa er sint" - Gro Dale

"Når Agnes blir sint"

Om å handtera sinne og sterke kjensle

Rammeplanen seier at barnehagen skal:

- legge til rette for **vennskap og gode relasjonar**
- sikre at **alle barn er inkludert i leik**
- utvikle **sosiale ferdigheiter og empati**
- vere aktiv i å støtte samspel mellom barna



Februar



Temamål: Vennskap og inkludering

Rammeplanen legg vekt på at: Barna skal oppleve seg som verdifulle deltakarar i fellesskapet. Alle barn har rett å høyre til.

Mål: Ingen skal stå utanfor

Me jobbe aktivt for at alle barn får vere med i leiken

- Me hjelpe barn å finne leikekameratar
- Støtte relasjonar – ikkje berre aktivitetar
- Me har dialog om mangfald og vennskap

Korleis

- Bruke vinteren som ein ressurs (aking, bygge i snø, eksperimentere med is)
- Vinterleik gir gode høve til språk:
- Samtaler i leik
- Nye ord (kulde, is, snø o.s.v)

Identitet og sjølvkjensle

Me ønskjer at borna skal akseptera kvarandre for den dei er

Korleis

- Me set ord på borna sine ulike kvalitetar for dei andre
- Me snakkar om dei borna som ikkje er tilstades i barnehagen

Kjensler

Me hjelper borna å regulera kjensler

Korleis

- Me set ord på og stadfestar bornas kjensle
- Me set ord på borna sine handlingar og intensjonar

Sosial kompetanse Forkus for februar – april er samspel, samarbeid og konfliktløysing

"Samarbeid"

Korleis

- Leikegrupper
- Felles prosjekt bygging, forming)
- Øva på å høyra på andre

Boktips:

"Den lille muldvarpen som ville vite"
Kan brukast til humor og samarbeid i samtale.

"Karsten og Petra" bøkene
Mange kvardagshistoriar med samarbeid



Mars



Temamål: Uteleik

Uteleik er ein viktig del av kvardagen i barnehage og gir barna rike moglegheiter for lek, læring og utvikling. Me ønskjer å leggja til rette for daglege uteopplevingar.

Arbeidet med uteleik er forankra i rammeplanen, som vektlegg at barna skal utforska, oppleve meistring og utvikle sosilakompetanse gjennom lek og samspel.

Korleis

- Ringleikar
- Hinderløype (krype, hoppe, balanse
- Finne insekter (laga insekts bok/galleri)
- Lage kunst av naturmateriale
- Sandleik

Identitet og sjølvkjensle

Me ønskjer at borna skal utvikle eit positivt forhold til seg sjølve

Korleis

- Teikna seg sjølve (kva likar eg?)
- Lage "meg – plakат" med bilete og favorittar
- Samtale: Kva er eg flink til?

Kjensler

Me vil at borna skal oppleve glede over å vera ute både på tur og i barnehagen

Korleis

- Me legg til rette for turopplevingar med utgangspunkt i borna sine forutsetningar og interesser
- Har fokus på kjekke aktivitetar i uteleiken, t. d. ringleikar

Sosial kompetanse

" Respekt og mangfald"

Korleis

- Alle er ulike – og det er bra
- Snakka om ulikskap (interesser, kultur, uttrykk)
- Øva på å visa respekt



Boktips:

"Alle sammen teller" - Kristin Roskifte
Om mangfald, ulikskap og fellesskap
"Julian er en havfrue" - Jessica Love
Om identitet, aksept og å vere seg sjølve.



April



Temamål: Undring og nytt liv

Rammeplanen seier at: *Barne skal få oppleve undring og glede over å utforske og oppdage. Barna skal få stille spørsmål og undre seg utan fasitsvar.*

Mål:

- Stimulera nysgjerrig og utforskartronge
- Gi barna erfaring med naturen og livsprosessar
- Styrka språk, samarbeid og evne til undring

Korleis

- Me sår frø
- Studere insekt og småkryp
- Undre oss saman med barna
 - o *Kvifor veks planten*
 - o *Kva trur du er inni frøet*
 - o *Kor kjem livet frå?*

Det fins ikkje fasitsvar – det er undringa som er målet

Identitet og sjølvkjensle

Me ønskjer at borna skal oppleve at dei er gode nok akkurat slik dei er

Korleis

- Me er merksemd på borna sine initiativ, behov og fokus
- Me hjelper borna å skilja mellom sak og person

Boktips:

"Den vesle larven Aldrimett"
Om utvikling og forvandling
"Planteboka mi" enkle
faktabøker for barn

Kjensler

Me vil hjelpa borna å sjå andre sine kjensler

Korleis

Me set ord på og stadfestar borna sine kjensler overfor kvarandre

Me set ord på borna sine handlingar og konsekvensar av desse

Sosial kompetanse

"Konfliktløsning"

Korleis

- Kva gjer me når me er usamde?
- Øva på å finna løysingar saman
- Bruka enkle steg (seia unnskyldm finna kompromiss)
- Me øve på å sei fine ting til kvarandre

Boktips:

"Liten og stor" om usemje, sjalusi og forsoning
"Gruffalo" om samspel og problemløsing



Mai



Temamål: Oppleving, skaparglede og medverknad

I rammeplanen for barnehage blir oppleveingar, skapargled og mdverknad løfta fram som sentrale verdiar i barnehagen sitt innhald. Dette er særleg knytt til formålsparagrafen og til arbeidet knytt til lek, læring og danning

Å jobbe med opplevinga, skaparglede og medverknad i barnehagen handlar i stor grad om å leggja til rette for eit miljø der barna får vere aktive deltakarar, utforske, uttrykke seg og påverke kvardagen sin.

Korleis

- Variasjon i barnehagekvardagen (t. d.musikk, eventyr, ulike former for lek)
- Følgje barnas interesser - lage aktiviteter ut ifrå kva barna er opptekne av for eksempel. Om barna er opptekne av insekt, kan ein lese bøker om insekt og gå på insektsjakt.
- Opne aktivitetar, unngå ferdige fasitar – la barna utforske og finn egne løysingar
- Verdsette rosessen: Fokus på det barna gjer undervegs, ikkje berre resultatet.

Identitet og sjølvkjensle

Me ønskjer at borna skal kjenna egne grenser og meistring

Korleis

- Me snakkar om kva me vågar og kvifor noko er skummelt
- Me snakkar om det dei allereie gjer, og kan
- Tar barnas meiningar på alvor, både i lek og planlegging
- Dei eldste barna har gruppesamtaler der dei kan påverke aktivitetar

Kjensler

Me vil at borna skal gleda seg over egne mot og ny meistring

Korleis

- Me støttar borna i å prøva nye ting
- Me anerkjenner og rosar at ein tør å prøva

Sosial kompetanse

"Sjølvstende og ansvar"

Korleis

- Ta ansvar i gruppa
- Hjelpa kvarandre
- Oppmuntre initiativ

17. Mai markering

Me pyntar barnehagen til 17. mai



Boktips:

"Eg kan" - Anna Fiske

Barna kjenner seg igjen i meistring

"Garmanns gate" – Stian Hole

Om å vekse og bli meir sjølvstendig

"Folk og Røvere i kardemomme by"

Om regler, fellesskap og ansvar

" Historien om 17. Mai – Beate Muri



Juni



Temamål: Oppleving, skaparglede og medverknad

Kjernebodskapen i rammeplanen er at barna skal vere aktive deltakarar som får utforske, skape og påverke igjen barnehagekvardag.

Me har fokus på opplevingar av å klara nye ting med kroppen

Korleis

- Me øva på å balansera, hoppa, sykla, springa og gå i ulendt terreng
- Hinderløype
- Turar i nærområdet
- Me legg til rette for kreative verkstader der barna vel materiale og uttrykker seg sjølve

Sosial kompetanse

"Sjølvstende og samhald"

Korleis

- Oppsummering av året - med fokus på gode minner og relasjonar. T.d. sjå på bilete saman
- Feiring og felles aktivitetar - aktivitetsdag



Språkmangfald

Rammeplanen seier at barnehagen skal: sjå språkleg mangfald som ein verdi og ressurs

Rammeplan for barnehage er tydeleg på at arbeidet med språkmangfald er ein viktig del av barnehagen sitt oppdrag. Arbeid med språkmangfald i barnehagen handlar om å anerkjenne, bruke og utvikle alle språk som barna har med seg som ein ressurs i det perdagogiske arbeidet.

- Språk er knytt til identitet, tilhøyrse og sjølvkjensle
- Barn lærer betre når dei får bruke heile sitt språkrepertoar
- Å synleggjere ulike språk skapar inkludering og respekt for mangfald

Pedagiske prinsipp

- Alle språk er like mykje verd
 - Vis respekt for morsmålet til barna
- Barn lærer gjennom samhandling
 - Språkutvikling skjer i leik, dialog og kvardagsaktivitetar
- Bygge bro mellom språk
 - Kople ord og omgrep på norsk til barnas heimspråk
- Tryggleik først
 - Barna må føle seg trygge for å tørre å bruke språk

Korleis

- Synleggjere språk i miljøet
- Samarbeid med foreldre
- Bruke bøker og forteljingar
- Bruk av digitale verktøy
- Leik som språkressurs



Rammeplanens sju fagområda

Dei sju fagområda i rammeplanen skal gi barna eit breitt grunnlag for utvikling gjennom lek, opplevingar og læring.

1. Kommunikasjon, språk og tekst
 - Døme: Høgtlesing og samtaler om bøker, rim regler og songar, rolleleik
2. Kropp, rørsle, mat og helse
 - Døme: Aktiv lek ute, hygiene, hinderløype, lage mat saman
3. Kunst, kultur og kreativitet
 - Døme: Teiknin, forming med ulike materialer, dans og spele musikk, drama og utkledning.
4. Natur, miljø og teknologi
 - Døme: turar, sjå på insekt, plantar og dyr, plukke boss og snakke om miljøvern, enkelt utforsking av teknologi (t.d. nettbrett)
5. Mengd, rom og form
 - Døme: Telje i kvardagen, bygge med klossar og lego, sortere fargar, form eller storleik, leike med uslespel og mønster
6. Etikk, religion og filosofi
 - Døme: samtaler om rett og gale, øve på å dele og vise omsorg, markere høgtider, undre seg saman.
7. Nærmiljø og samfunn
 - Døme: Gå turar i nærmiljøet, feire nasjonal dagen og tradisjonar, snakke om venner, familie og fellesskap

I Rammeplanen er det sju fagområde som skal bidra til ei heilskepeleg utvikling hos barna. Desse fagområda heng sama og skal ikkje arbeidast med isolert.

Kommunikasjon, språk og tekst handlar om at barna skal utvikle språk, kunne uttrykkje seg og forstå andre gjennom samtale, forteljing, lesing og lek.

Kropp, rørsle, mat og helse forkuserer på fysisk aktivitet, gode vanar og glede over å bruka kroppen, samt å lære om helse og kosthald.

Kunst, kultur og kreativitet skal gi barna høve til å uttrykkje seg gjennom skapande aktivitetar som teikning, musikk, dram og dans, og utvikle fantasi og skaparglede

Natur, miljø og teknologi handlar om at barna skal utforske naturen, få erfaringar med miljø og berekraft, og bli nysgjerrige på teknologi og samndhengar i verda.

Tal, rom og form legg grunnlaget for matematisk forståing. Der barna utforskar tal, mønster, former og rom gjennom lek og kvardagsaktivitetar.

Etikk, religion og filosofi gir barna erfaringar med verdiar, respekt, undring og refleksjon rundt livsspørsmål og ulike kulturar og tradisjonar.

Nærmiljø og samfunn handlar om å gi barna kjennskap til samfunnet rundt seg, oppleve tilhøyrse og forstå at dei er ein del av eit fellesskap.



Dokumentasjon, evaluering og progresjon

Dokumentasjon:

- Årsplan
- Dagbok ut til føresette
- Stafettlogg, ved behov
- Foreldresamarbeid

Dette skal evaluerast 2026/27

- Språkutvikling/lesing
- Årsplan


Korleis:

- Avdelingsmøte
- Personalmøte
- Pedagogmøter

Progresjon:

Rammeplanen legg vekt på at barnehagen skal leggja til rette for progresjon gjennom val av innhald. Gjennom dei ulike temamåla og verdimål i årsplanen vil me sikra eit innhald som gjer progresjon utifrå alder og modning.

Gjennom jamleg evaluering av innhaldet, både felles og i gruppene vil me kunne justera ved behov for å sikra at den enkelte møter eit barnehagetilbod som samsvarer med kravet i rammeplanen.





Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbudet for born som treng ekstra støtte

Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbudet etter behov og føresetnadar til borna, og når det enkelte born har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar.

I dei tilfella der barnehagen ut i frå eit fagleg perspektiv ser behov for at eit barn treng ekstra oppfølging eller kan ha nytte av spesialpedagogisk støtte, blir det innhenta samtykkje frå føresette, og tilbudet barnet får skal bli utforma i lag med føresette. Etne kommune nyttar stafettlogg som verktøy for å sikra føresette god medverknad, og sikker dokumentasjon.

Etne kommune si spesialpedagogiske gruppe deltar aktivt inn i barnehagane i kommunen med rettleiing, kompetanseheving og støtte til både enkelt barn og grupper.

I tillegg til den spesialpedagogiske gruppa, har barnehagen samarbeid med PPT, helsestasjonen og andre instansar etter behov.



Foreldremedverknad

Me ynskje at de foreldre skal oppleve Enge barnehage som ein trygt stad å vera, med eit godt pedagogisk tilbod til borna. Eit nært og opent samarbeid med alle foreldre er ein føresetnad for det.

- Pedagogisk leiar har velkomstsamtale før/eller rett etter at barnet startar i barnehagen.
- Informasjon blir sendt på VISMA «min barnehage»
- Barnehagen har foreldremøte haust og vår
- Me har planlagde foreldresamtaler med refleksjon rundt barnet 2 gonger i løpet av barnehageåret. Det vil og vera mogleg å få samtaler utanom dei to som ligg i planen vår. Styrer er og tilgjengeleg for slike samtaler om det er ønskjeleg.
- Brukarundersøking blir sendt ut kvart år
- Stafettlogg - verktøy for å sikra trygg og god medverknad

FAU og SU

FAU og SU: foreldra sitt arbeidsutval (FAU) består av foreldre som blir valt inn på foreldremøte om hausten kvart år. FAU skal fremja felles interesse og bidra til eit godt samarbeid mellom foreldregruppa og barnehagen.

FAU fremjar saker på vegne av foreldregruppa i samarbeidsutvalet (SU).

SU består av 2 representant frå FAU, 2 frå personalet, politikar som representere eigar, og styrar som leie og organisere møta.

SU skal vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ, og har blant anna som oppgåve å godkjenne årsplanen.

Nyttig informasjon

Barnehageruta for 2026 – 2027

10.08.26 - Første dag i barnehageåret, oppstart av barnehageåret 2026/27

10.08 og 11.08.26 - intern plandag – bhg stengt

13.11.26 - Intern plandag – bhg stengt

29.01.27 - Interkommunalplan dag – bhg stengt

07.05.27 - Intern plandag – bhg stengt

Barnehage er open heile året

Etne skal vera ein trygg kommune for barn og unge å veksa opp i. Stundom kan ein likevel oppleva utfordringar og vanskar. Då er det ekstra viktig å bli sett (Bli Z) og møtt av andre. Det kan vera ein ven, forelder, nabo, personale i barnehagen eller skulen, trenaren, helsesjukepleiar eller anna hjelpepersonell.

[Bli-Z – Betre tverrfagleg innsats for born og unge i Etne kommune \(betreinnsats.no\)](https://betreinnsats.no)

- Me nyttar plattforma Visma Flyt barnehage til informasjon og kommunikasjon med foreldre.
- Me legg ut bilete og beskjeder, de foreldre kan leggja inn fråvær.
- Me nyttar Dagbok til å leggja ut bilete frå ulike turar eller kjekke hendingar i barnehagen.
- Av omsyn til personvern legg me ikkje ut bilete der slik at ein kan identifisera barnet.

SU/FAU

Leiar: Caitlin Flått Evenhus

For personalet:

Agnete Sørheim

Dagrunn Hustoft

Eigar representant: Liv Kaldheim



Årsplan godkjent

Leiar for SU